

Regionale utviklingsmidlar 2009 - fordeling V

Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Prosjektet FlyBGO vert støtta med kr. 500 000 for 2010. Ei eventuell støtte for 2011 vert å ta stilling til når det ligg føre ei analyse som omhandlar prosjektet sin effekt på aktiviteten i Sogn og Fjordane.
- 2 Fylkeskommunen tek del i finansieringa av første episode av "Perfect Day" med kr. 300 000. Ei eventuell støtte til seinare episodar vert å kome tilbake til. Fylkesdirektøren kan gje utfyllande føringar i tilsegnsbrev.
- 3 NHO Sogn og Fjordane vert tildelt eit samla tilskot på kr. 500 000 til prosjektet Global Future.
- 4 Vestlandsforskning vert tildelt kr. 260 000 til forskingsprosjekt i VRI - Edit-INC.
- 5 Agro Business Park vert støtta med kr. 50 000 til "omstillingsressursar" for å mellomlande prosjektet på ein god måte.
- 6 Det står det att kr. 220 750 i konkurransemidlar for 2009. Denne summen vert overført til same føremålet i 2010.
- 7 Tilskota til FlyBGO, "Perfect Day og Global Future vert dekka med midlar disponible for hovudutval for plan og næring.

Tilskotet til Edit – INC vert dekka med midlar tidlegare avsett til forskingsprosjekt i VRI. Tilskotet til Agro Business Park vert dekka med midlar tidlegare avsett til konkurransemidlar.
- 8 Fylkesdirektøren får fullmakt til å omdisponere/overføre unytta midlar på plan og næring sitt 2009-budsjett til 2010.

Prenta vedlegg:

Søknad om tilskot til FlyBGO for 2010-2011
Søknad om støtte til Tellus – Perfect Day
Prosjektskisse Tellus – Perfect Day
Søknad Global Future
Prosjektbeskriving Global Future
Søknad om forlenga delfinansiering av Edit INC
Søknad frå Agro Business Park

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Saka gjeld fordeling av midlar frå plan og næring sitt budsjett til regional utvikling. I denne saka handsamar vi søknader og løyvingar til følgjande tiltak:

- FlyBGO
- Tellus - Perfect day
- Global Future
- Konkurransen midlar – Agro Business Park
- EDIT INC

Fylkesdirektøren ber også om at administrasjonen får fullmakt til å omdisponere/overføre restmidlar på plan og næring sitt budsjett for 2009 til 2010.

2. FLY BGO

(Sakshandsamar: Karoline Bjerkeset)

2.1 Bakgrunn

Prosjektet FlyBGO er eit utviklingsprogram over tre år for flyboren utvikling av reiselivet i Hordaland og Sogn og Fjordane. Prosjektet er inne i sitt tredje og siste år i 2009. Tilskota til prosjektet har kome frå Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Innovasjon Noreg og Bergen kommune. Det vert no søkt om midlar til to nye prosjektår kor det vert søkt om 1.000.000 kroner frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

2.2 Nærare omtale

Prosjektet har som hovudmål å understøtte økonomisk vekst i Hordaland og Sogn og Fjordane spesielt med tanke på distrikta, stimulere til bærekraftig turisme og utvikling av destinasjonar og attraksjonar. Vidare å redusere behovet for langdistansereiser om nettverksflyplassar for å ha ei meir effektiv og miljøvenleg reise. Dette inneber mellom anna ei høgare utnytting av seta på dei eksisterande rutene og eit styrka tilbod av direkte forbindelsar med høg setefaktor.

Prosjektet er i utgangspunktet eit marknadsføringsverktøy som skal profilere regionen og gjere salsframstøt mot flyselskapa. Prosjektet tilbyr tiltak for marknadsstøtte til flyselskap som opner nye ruter til Bergen Lufthamn Flesland eller som aukar kapasiteten på eksisterande ruter. Prosjektet rettar seg mot alle flyselskap som i dag har ruteflyging på Bergen lufthamn og til flyselskap som vert vurdert å ha potensiale for å opne ruter til Bergen. Desse kan då søke om marknadsføringsmidlar frå prosjektet etter visse retningslinjer. Vidare har ein i prosjektperioden utvikla salsmateriell, oppretta av ein salsorientert database, arrangert visningsturar for flyselskap og salsturar til flyselskap i tillegg til anna informasjonsarbeid.

Prosjektet vert eigd av dei nemnde bidragsytarane i tillegg til Bergen Reiselivslag og Avinor Flesland som og dannar ei styringsgruppe. Denne har blitt løpande orientert om prosjektet i prosjektperioden. Arbeidsutvalet består av representant frå Bergen Reiselivslag, Avinor Flesland og konsulent frå konsultentselskapet Dahlcon. Hordaland fylkeskommune har deltatt i møta i arbeidsutvalet som representant for styringsgruppa.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har løyvd 1.000.000 kroner til prosjektet i prosjektperioden fordelt med 0,5 millionar på kvart av åra 2007 og 2008. Hordaland fylkeskommune har løyvd 4.500.000 kroner, Innovasjon Noreg har løyvd 500.000 kroner og Bergen kommune har løyvd 700.000 kroner. Vidare har Bergen Reiselivslag og Avinor delteke med økonomiske bidrag samt aktivitetar som ikkje har blitt belasta prosjektet. Oversikta nedanfor syner finansiering og aktivitet i prosjektperioden.

Budsjett og finansiering 2007-2009

	Inntekter	Kostnader
Hordaland fylkeskommune	4.500.000	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	1.000.000	
Bergen kommune	700.000	
Innovasjon Noreg	500.000	
Utvikling fly frå USA		300.000
Utvikling fly frå Japan og Kina		500.000
Utvikling fly frå Tyskland		1.500.000
Utvikling fly frå Polen, fordelt på tre år		700.000
Utvikling frå Storbritannia, London, Newcastle		2.800.000
Utvikling fly frå Spania/Italia		300.000
Administrative tenester		100.000
Innleidde konsultative tenester		180.000
Visningsturar presse, byrå, salsturar		320.000
	6.700.000	6.700.000

Søkjjar viser til veksten i trafikken på Flesland i løpet av dei siste åra og til at antal flyruter til Flesland frå internasjonale destinasjonar og har auka. Utviklinga i antal ankomstar har dobla seg frå 800.000 passasjerar i 2004 til 1.600.000 passasjerar i 2008. Det vert vidare vist til samanfallet mellom Bergen som innfallspurt til Vestlandet og trafikkutviklinga i regionen. Prosjektet vert basert på at ei utvikling i trafikken til Bergen Lufthamn Flesland og vil ha ei effekt på trafikken i resten av Hordaland og i Sogn og Fjordane i form av auka aktivitet hos reiselivsnæringa.

Utfordringa framover vil vere å få til vedvarande vekst i reiselivsnæringa og utvikle eit konsistent nettverk av direkte flyruter frå utlandet. Prosjektet søkjer derfor om tilskot til ytterlegare to år for perioden 2010-2011. Prosjektmidlane skal gå til å utvikle nye internasjonale flyruter til Bergen for å styrke reiselivet i regionen. Prosjektet skal gjere dette ved å samarbeide med flyselskap for å vedlikehalde ruter som ein har fått, vidareutvikle desse rutene med høgare frekvens, hyppigheit og sesong i tillegg til å skape grunnlag for nye ruter. Ei vidare utvikling er nødvendig, noko som vil krevje auka midlar i følgje prosjektsøknad. Dei omsøkte tilskota vil fordele seg slik:

Finansiering 2010-2011

Hordaland fylkeskommune	3.000.000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	1.000.000
Bergen kommune	1.000.000

2.3 Vurdering

Reiselivsnæringa er ei viktig næring for fylket og det er eit mål å auke aktivitet og vekst i desse næringane. Auka marknadsføring av fylket og Vestlandet som reiselivsmål vil såleis vere viktig i arbeidet med å styrke reiselivet. Prosjektet viser til ei stor auke i trafikkveksten på Flesland frå internasjonale destinasjonar, og kor FlyBGO har delteke aktivt for å bidra til denne veksten. Det er sterk konkurranse med andre reiselivsmål, og ei god marknadsføring av vår region er nødvendig for å auke moglegheitene for fleire passasjerar til Vestlandet.

Prosjektet legg vekt på direkteruter frå utlandet til Flesland/Bergen for å gjere reisa meir effektiv med omsyn til miljøet, men og for at det skal verte lettare for den reisande. Det vil her vere ei utfordring i å få dei nye reisande til å reise vidare frå Bergens-området og opp til Sogn og Fjordane. Her vil det og vere viktig at det vert arbeidd vidare opp mot reiselivsselskap og transportselskap slik at det vert enkelt for den enkelte å reise vidare etter landing på Flesland.

Det vert vist til auka verdiskaping i reiselivsnæringa som følgje av auka trafikk til Flesland. Det er gjort berekningar for Bergen kommune av dei økonomiske effektane for kommunen med auka overnatting. Prosjektet vil kome tilbake til gjestestatistikk når 2009 er omme. For Sogn og Fjordane sin del, ville det vere ein fordel om ein kunne sjå tal og berekningar av kva auka flytrafikk har betydd. Det vil vere utfordringar knytt til kor vidt denne auken er ein direkte effekt av midlane til FlyBGO.

Generelt på verdsbasis har det vore ei kraftig auke i reiseaktivitet, men korleis situasjonen vil vere framover på bakgrunn av finanskrisa, kan vere vanskeleg å seie noko om. Dette taler for at ei satsing på auka marknadsføring av regionen i ein situasjon med hardare konkurranse vil vere nødvendig.

Prosjektet har eksistert i tre år og ynskjer midlar til ytterligare to år. For Sogn og Fjordane sin del vil det økonomiske bidraget vere større enn dei tre tidlegare åra. Finansieringsgrunnlaget kunne gjerne vore breiare i ein vidareføringsperiode etter oppstartsfase. Vidare er det lite representasjon av reiselivsnæringa særleg frå distriktet, sjølv om prosjektet har som hovudmål å understøtte verdiskapinga i distrikta. Sogn og Fjordane har vore inne med midlar i prosjektperioden og har hatt ein representant i styringsgruppa, men kor Hordaland fylkeskommune har vore styringsgruppa sin representant. Ved vidareføring av prosjektet, bør det opnast for at Sogn og Fjordane fylkeskommune har høve til å møte i arbeidsutvalet i tillegg til Hordaland fylkeskommune for å sikre ein brei representasjon.

2.4 Konklusjon

Prosjektet FlyBGO er eit godt marknadstiltak som kan vere med på å auke turisttrafikken til vårt fylke, noko som er eit sentralt mål. I ei tid kor det er uvisse knytt til vidare utvikling av reiselivsnæringa, vil det vere viktig å følgje opp med vidare marknadsføringstiltak. Likevel kan det vere uvisse knytt til effektane av dette tiltaket for Sogn og Fjordane sin del. Ei analyse av desse effektane på grunn av auka trafikk i fylket og auka aktivitet i reiselivsnæringa er ønskeleg, og bør leggest fram halvvegs i den utvida prosjektperioden frå 2010 til 2011.

Sogn og Fjordane fylkeskommune bør framleis støtte prosjektet. Fylkesdirektøren rår til at det i denne omgang vert løyvd kr 500 000 i støtte for 2010. Ei evt støtte for 2011 vert å ta stilling til når det ligg føre ei analyse som omhandlar prosjektet ein effekt på aktiviteten i Sogn og Fjordane.

3. TELLUS – PERFECT DAY

(Sakshandsamar: Bente Sønsthagen og Arne Monrad Johnsen)

3.1 Bakgrunn

Tellus Works er eit norskeigd medieselskap som lagar TV-seriar og TV-dokumentarar om reise, mat, kultur og livstil. Dei planlegg å produsere 3 episodar av den amerikanske TV-serien "Perfect Day" på lokaliseringar i Sogn og Fjordane, og har inngått eit samarbeid med stiftinga "Verdiskaping i reiselivet SUS" som representerer interessene til reiselivsnæringa i fylket. Denne stiftinga skal finansiere delar av prosjektet, og søker Sogn og Fjordane fylkeskommune om å gå inn som medfinansør med kr 850 000.

3.2 Nærare omtale

TV-serien "Perfect Day", tidlegare "New Scandinavian Cooking" blir vist internasjonalt i over 100 land, med hovudvekt på den amerikanske kanalen APT og BBC i Storbritannia. Ein forventa 1500 visningar per episode fordelt på over 100 land. Tellus Works vil spele inn 3 episodar som skal brukast i dei neste sesongane av serien i Sogn og Fjordane, og ønskjer å inngå ein treårig samarbeidsavtale med aktørar i fylket. Stiftinga "Verdiskaping i reiselivet SUS" vil starte med å produsere og vise ein episode før dei inngår ein formell avtale om å produsere fleire. Det har vore vanskeleg å få med reiselivsnæringa for å finansiere dette på grunn av tronge budsjett, samtidig som stiftinga meiner at det er naudsynt å gå inn i prosjektet no for å ha høve til å bli med i prosjektet. Dei vil difor involvere fylkeskommunen som medfinansør, og søker om kr 850 000 for å produsere den første episoden. Dette er utan å stille krav til fullfinansiering av meir enn det første året av prosjektet.

Målet med å delta i dette programmet er å produsere 3 episodar av serien for å få stor publisitet på ein internasjonal marknad. Samtidig vil ein gjere ei stor og mangfaldig mengde av reiselivsprodukt tilgjengeleg for booking på internett med ein gong første episode blir vist. Ein vil få til ein felles administrasjon på dette der alle reiselivsselskapa i fylket deltek, og då oppnå ein reduksjon av salskostnaden frå dagens nivå på 25 %.

Stiftinga som søker om midlane er Verdiskaping i reiselivet SUS, som er eigd av Visit Sognefjord, Sunnfjord 2020 og Fjord1 Fylkesbaatane. Dei har inngått eit samarbeid med produksjonsselskapet Tellus Works, og Michael Knagenhjelm har ansvar for å samordne arbeidet i fylket. Tilleggselement som er inkludert i ein hovudsamarbeidsavtale mellom produksjonsselskapet og stiftinga til kvar episode som blir vist, er mellom anna eksponering i kokebok, stilistfotografi som kan brukast i eiga marknadsføring, 50 spesialtilpassa DVD-ar frå kvar sesong og fri nytting av programleiar til interne arrangement, konferansar og liknande.

Sesong 2 startar i USA januar 2010, medan sesong 3 og 4 er venta å bli lansert januar 2010 og 2011. Prosjektet vil be Vestlandsforskning om bistand for å få ein god og truverdig dokumentasjon på effekten på reiselivet i fylket etter den første episoden av "Perfect Day" vert sendt. Dette vil vere viktig for å fullfinansiere dei neste to episodane, går det fram av søknaden.

Budsjett og finansieringsplan tatt frå søknaden:

	År 1	År 2	År 3
Del 1. produksjon av «Perfect Day»			
Innspeling av ein episode kvart år	850 000	850 000	850 000
Reise, kost og losji for filmteam	200 000	200 000	200 000
Andre kostnader	50 000	50 000	50 000
Sum aktivitet 1	1 100 000	1 100 000	1 100 000

Del 2. bookbare reiselivsprodukt			
Anskaffelse av bookingsystem	200 000	0	0
Opplæring og brukarstøtte	250 000	100 000	75 000
Kjøp av tenester	200 000	50 000	0
Prosjektleiing	200 000	200 000	150 000
Sum aktivitet 2	850 000	350 000	225 000
SUM kostnad	1 950 000	1 450 000	1 325 000
Finansiering			
Sogn og Fjordane fylkeskommune	850 000	0	0
Verdiskapingsprosjektet	400 000	400 000	175 000
Støtte frå overnatting og serveringsnæringa	200 000	200 000	200 000
Andre sponsorar	100 000	400 000	550 000
Eigeninnsats	400 000	400 000	400 000
SUM finansiering	1 950 000	1 400 000	1 325 000

3.3 Vurdering

Fylkeskommunen ser det som viktig å legge til rette for vekst innan reiselivet. Det er også eit mål at turistane skal kome meir spreidd over året, med lengre sesongar og auka vinterturisme som konkrete målsetjingar. Dersom vi skal nå dette målet, så må ein ha både gode produkt og drive god marknadsføring.

Fjord Norge AS har ansvar for den internasjonale marknadsføringa av fylka på Vestlandet, og fylkeskommunen delfinansierer deira innsats. Dersom fylkeskommunen skal støtte dette prosjektet, bør derfor Fjord Norge AS også bidra med sin kompetanse.

Fjord Norge AS har tidlegare promotert "New Scandinavian Cooking" som eit tiltak fylka på Vestlandet bør satsa på. Det same har Innovasjon Norge gjort. Innovasjon Norge er også med å støttar TV-serien "Perfect Day" med nasjonale midlar.

Prosjektet er forankra i lokale reiselivsorganisasjonar og lokale bedrifter, og dette er ei kvalitetssikring på at TV-produsentane viser fram det aller beste av fylket. Fylkesdirektøren tek det som ein sjølvfølge at det vert nytta mest mogleg lokale råstoff og lokale opplevingsaktørar i TV-serien, og at ein syner geoturisme er eit satsingsområde for både verkemiddelapparatet og reiselivsnæringa i fylket.

Fylkeskommunen har delteke på eit møte om dette prosjektet. Her vart fylkeskommunen invitert til å vere med å finansiere første episode, som samla er kostnadsrekna til kr 850 000 med tillegg til reisekostnader. Det vart i dette møtet drøfta eit spleiselag der fleire partar skulle utfordrast til å dele på dei nemnde kr 850 000.

Fylkeskommunen bør i første omgang ta stilling til delfinansiering av første episode, slik vi vart inviterte til på det aktuelle møtet. Det er elles naturleg å forvente at reiselivsnæringa styrkar salsinnsatsen for å få full verknad av eit slikt marknadstiltak.

Ved å gå inn med kr 350 000 i delfinansiering av første episode tek fylkeskommunen del i spleiselaget med ein vesentleg sum. Ei evt støtte til seinare episodar vert å kome tilbake til.

3.4 Konklusjon

Fylkesdirektøren har merka seg TV-serien "Perfect Day" som ein god måte å marknadsføra fylket på internasjonalt. Fylkeskommunen tek del finansieringa av første episode med kr 300 000. Ei evt støtte til seinare episodar vert å kome tilbake til.

Det vert rådd til at fylkesdirektøren får kome med utfyllande føringar i tilsegnsbrev.

4. GLOBAL FUTURE

(sakshandsamar: Bente Sønsthagen)

4.1 Bakgrunn

NHO Sogn og Fjordane ønskjer å starte prosjektet Global Future, som skal auke sysselsettinga blant innvandrarar med høgare utdanning eller spisskompetanse i fylket. Prosjektrammene er sett til totalt kr. 2 615 000. NHO inviterer fylkeskommunen til å bli ein samarbeidspart, og ber om at hovudutvalet for plan og næring bidreg med kr 500.000 til finansiering av prosjektet.

4.2 Nærare omtale

NHO Sogn og Fjordane meiner at prosjektet Global Future vil bidra til ei framtidig verdiskaping i fylket gjennom auka sysselsetting av høgt utdanna innvandrarar og såleis auka integrering. Arbeidsløysa blant innvandrarar i fylket er høg, og dei er i tillegg underrepresenterte innanfor politiske verv, leiarstillingar og i styrer. Global Future ønskjer å endre dette gjennom å gje deltakarane auka kompetanse om norsk arbeids- og næringsliv, og i tillegg skape felles møteplassar mellom innvandrarar og arbeidsgjevarar i fylket og regionen - og såleis utvikle eit nettverk.

Prosjektet er oppdelt i 3 semester og skal vare i 1,5 år, med 15 – 20 deltakarar. Målgruppa er innvandrarar med høgare utdanning som er arbeidsledige, ønskjer seg meir relevant arbeid, eller ønskjer å kvalifisere seg til leiarstillingar og/eller styreverv. Det vert stilt krav til deltakarane om at dei har tilfredstillande kunnskapar i arbeidsnorsk, og at dei inngår ein intensjonsavtale om å takke ja til relevante jobbtilbod i Sogn og Fjordane. Ved opptak til programmet skal det leggst vekt på mangfald i utdanningsbakgrunn, geografisk spreing og jamn fordeling mellom kjønna.

NHO Sogn og Fjordane er initiativtakar og eigar av prosjektet, med regiondirektør Karin Halle som prosjektansvarleg. Det skal opprettast ei styringsgruppe med fire personar, der det i tillegg til prosjektansvarleg skal vere representantar frå ressurseigarar og medfinansiarar, som skal godkjenne prosjektskildring, mål, budsjett og statusrapportering. I tillegg skal det opprettast ei referansegruppe der alle partane i prosjektet får tilbod om å sitte. Denne gruppa skal møtast to gonger i året.

Tidsskjema for prosjektet:

Haust 2009/Vår 2010:

Marknadsføring, rekruttering og evaluering av søknader

Haust 2010:1.semester:

Oppstart og gjennomføring av samlingar

Evaluering og mentor rekruttering.

Vår 2011: 2.semester:

Gjennomføring av samlinger og evaluering av fagleg innhald

Haust 2011: 3. semester

Gjennomføring samlinger, evaluering av samlingane

Evaluering av heile prosjektet:

– Har ein oppnådd ønska resultat? Korleis vidareføre prosjektet og oppretthalde nettverket?

Budsjettplan og finansieringsplan tatt frå søknaden:

Tabell 1 a Budsjettplan

Oppholdsutgifter og transport, 10 samlinger à 2 dager	480 000
Ekstern fagleveranse og læremateriell, 8 samlinger à 2 dager *	800 000
Prosjektledelse, faglig leveranse 50% 18 mnd	600 000
Markedsføring, annonser, brosjyrer, kursbevis, mediehjelp	250 000
Vurdering av søknader, intervju av kandidater	75 000
Mentorrekruttering og infomøte	80 000
Styrings- og referansegruppe	50 000
Styrekompetanse 20 deltakere 10000.-x 20 pers	200 000
Prosjektleder, reiser v innsalg og 10 samlinger à 2 dager	60 000
Ekstra buffer	20 000
Totalt	2 615 000

Budsjettforutsetning: Budsjettposter ført opp ekskludert mva

* Inkludert i dette ligg lønshonorar til to fagkonsulentar/førelasarar frå AFF og to frå Retorisk institutt, i tillegg til fagmateriale og verktøy som mellom anna personlegdomstestar.

Tabell 1 b. Finansieringsplan Periodisert Finansieringsplan

Bidragstyper	1 semester	2 semester	3 semester	Totalt	Innvilget
Sparebanken Vest/Sparebanken SFJ	117 000	117 000	117 000	350 000	
NHO Sogn og Fjordane	67 000	67 000	67 000	200 000	200 000
NAV Sogn og Fjordane	134 000	134 000	134 000	400 000	
Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane	167 000	167 000	167 000	500 000	
LO Sogn og Fjordane	47 000	47 000	47 000	140 000	
Innovasjon Norge	150 000	150 000	150 000	450 000	
REKOMP	133 000	133 000	133 000	400 000	400 000
Kommunenes	34 000	34 000	34 000	100 000	

Sentralforbund SFJ					
Rekrutterings- og bemanningsbyrå	25 000	25 000	25 000	75 000	
Totalt	874 000	874 000	874 000	2 615 000	600 000

* I periodiseringene er tallene rundet av til nærmeste 1000,-

4.3 Vurdering

Global Future er eit program der ein ønskjer å kvalifisere høgt utdanna personar med innvandrarakgrunn til stillingar og styreverv, og saleis bidra til verdiskaping i Sogn og Fjordane. Programmet si målsetting er å vere ein viktig arena for integrering i arbeidslivet, og deltakarane som fullfører programmet vert synlege førebilete for andre i same situasjon. NHO Sogn og Fjordane er initiativtakar og prosjekteigar. Dei inviterer fylkeskommunen til eit samarbeid og søker om eit bidrag på kr 500 000 fordelt over tre semester eller 1,5 år.

Prosjektet vart opphavleg starta av NHO Agder, og Aust – og Vest - Agder fylkeskommune var sentrale aktørar. Prosjektet har også vore gjennomført i Nord – og Sør – Trøndelag og Telemark, og etter erfaringar frå desse meiner NHO at det er viktig for prosjektet å ha fylkeskommunen som ein aktiv medspelar. Erfaringane frå Agder viser at prosjektet får stor mediemerksemd, og at fleire av deltakarane oppnådde konkrete resultat allereie etter eit semester av programmet. Mellom anna vart tre deltakarar valde inn i politiske verv, fire deltakarar vart tilsett i leiarstillingar og ein deltakar har byrja på ein doktorgrad.

I Sogn og Fjordane viser statistikken at 20% av dei arbeidsledige i fylket har innvandrarakgrunn, og av desse har 62 personar høgare utdanning. Fylket har mangel på arbeidskraft, og har særleg eit stort behov for høgt utdanna arbeidstakarar, gjerne med fleirkulturell kompetanse. Ei spissa satsing på internasjonal tilflytting og arbeidstakarar med høg utdanning vil vere tråd med tiltaka som er skisserte i "Tenketanken", der dette vert framheva som eit ledd i arbeidet mot fråflytting frå Sogn og Fjordane. Erfaringar frå rekrutteringsprosjekt som Framtidsfylket sitt trainee – program viser at ei slik spissa satsing på enkeltgrupper har ein positiv effekt for både dei einskilde deltakarane og bedrifter i fylket, og det er naturleg å tru at dette også vil gjelde for Global Future – programmet.

Ein utfordring med prosjektet er å få rekruttert deltakarar som fyller kriteria som er sett, både med omsyn til å ha relevant kompetanse, tilstrekkelege norskkunnskapar og godkjente formelle papir. Programmet skal ikkje vere ein instans som skal sørge for dette, men ein må likevel ta omsyn til og sjekke at dette er i orden ved rekruttering og utveljing av deltakarar, noko som kan by på utfordringar. I tillegg er det svært sentralt at næringslivet og bedrifter er positivt innstilt til prosjektet. Skal målsettingane i prosjektet med auka sysselsetting og fleire i styreverv bli oppnådd, må ein sørge for at næringslivet blir aktivt involvert og motiverte. Dette kan løysast ved å involvere sentrale bedrifter i styringsgruppa eller som ressurseigarar, men må takast omsyn til i arbeidet med organiseringa av prosessen.

4.4 Konklusjon og tilråding

Global Future er eit viktig program, som vil vere sentralt både med omsyn til integrering av innvandrarakgrunn og arbeidet med rekruttering og kompetanseheving på arbeidstakarar i fylket. Erfaringar frå andre fylke som har gjennomført programmet har i høg grad vore positiv, samtidig som det blir trekt fram at ei involvering av fylkeskommunen er sentral for at det skal lukkast. Ein ser utfordringar med omsyn til utveljing av deltakarar og involvering av næringslivet, men etter ei samla vurdering stiller fylkesdirektøren seg positiv til søknaden frå NHO og tilrår ei samla løyving på kr 500 000 til Global Future.

5. FORSKINGSPROSJEKT I VRI - EDIT INC

(Sakshandsamar: Lars Hustveit)

5.1 Bakgrunn

Søknad om kr 260.000

I fylkestinget i desember 2007 fordelte fylkeskommunen midlar til forskning og utvikling (FoU) slik:

Tema	2008	2009	2010	2011
Folkehelse - friluftsliv – idrett	800.000	600.000	400.000	200.000
Utviklingsavtalen – reiseliv	200.000	200.000	350.000	350.000
Utv.avt. – digital kompetanse	250.000	350.000	400.000	400.000
Forskningsprosjekt i VRI	300.000	400.000	400.000	500.000
Eventuelt nytt tema				100.000
Grunnløyving; Vestl.forsking	800.000	800.000	800.000	800.000
SUM:	2.350.000	2.350.000	2.350.000	2.350.000

Merknad:

VRI er forskingsrådet si regionale satsing "Verkemiddel for regional forskning, utvikling og innovasjon". Forskningsprosjekt i VRI Sogn og Fjordane kan vere innan Reiseliv, Fornybar energi, Marin næringsutvikling og Endringsleiing.

I VRI satsinga har ein så langt lansert eit forskningsprosjekt; Edit-INC saman med INC-gruppa i Florø. Prosjektet varer frå juni 2007 til desember 2009. Forskningsrådet har i 2009 gitt tilbod om at forskningsprosjektet kan bli forlenga eit år. Dette er bakgrunnen for søknad om delfinansiering frå fylkeskommunen for 2010. Ein føresetnad er regional medfinansiering. Søkjar ønskjer å bruke 2010 til "auka fokus på publisering frå prosjektet; både vitenskapleg og ikkje vitenskapleg publisering og formidling". Aktiviteten er tenkt både regionalt og nasjonalt. Midlane vil og bli brukte til å fullføre doktorgradsarbeidet til Geir Liavåg Strand.

Den formelle prosjektittelen er: Edit INC - How to achieve broader participation in companies that don't have any experience with the Nordic Model of enterprise development

5.2 Nærare omtale

Edit INC er kopla til VRI-prosjektet gjennom temaområdet Endringsleiing og til Bedriftsprosjektet "med INC inn i framtida" som er finansiert av Hovudorganisasjonenes Fellestilltak. Ei tredje forankring av prosjektet er i doktorgradsprogrammet EDWOR II ved NTNU. Kandidat Geir Liavåg strand hentar empirien sin frå Edit INC

Prosjekteigar: Vestlandsforskning

Prosjektet presenterer seg slik:

”Edit_INC har fokus på medverknad i utviklingsprosessane i bedrifter og i nettverk av bedrifter. Hovudfokuset er korleis brei medverknad utviklar seg i bedrifter som er kjenneteikna med profesjonelle leiarar, relativt svake fagforeiningar og aktive lokale eigarar. Makt og utøving av makt er viktige stikkord. EditINC skal forske på dei ulike aktørane sine roller i utviklingsprosessane for å kunne svare på forskarspørsmålet: Korleis oppnå breiare deltaking i bedriftsutvikling i selskap der ingen av aktørane har røynsle med samarbeidsmetodar som den norske modellen?

Selskapa i INC-gruppen består av 18 bedrifter, og dei har opna for medverknad frå tillitsvalde og tilsette i gjennomføringa av eit bedriftsutviklingsprosjekt delfinansiert av Hovedorganisasjonenes Fellestiltak (HF). Denne avgjerda er basert på røynsler frå eit pilotprosjektet. Både eigarar, leiarar, tillitsvalde og tilsette må gjere ting på ein annan måte for å oppnå målet om breiare medverknad. Greier dei dette? Korleis endrar dei seg? Kva er vanskane?

Sogn og Fjordane er eit fylke der mange bedrifter står overfor utfordringar knytt til endra rammevilkår og endringar i marknaden, også arbeidsmarknaden. Mange små og store industribedrifter i fylket har lenge hatt tett kopling mot ein eller få kundar. På dette området skjer det no ei endring som gjer at mange må tenke nytt i forhold til produkt og marknad. I dagens arbeidsmarknad med fokus på kunnskapsarbeidaren, er det viktig å ta i bruk den kunnskapen som dei tilsette har. Ofte vil tilsette som arbeider i produksjonen kunne peike på forbetringspotensiale i produkt og prosess, men dei har sjeldan arenaer å legge fram desse forslaga i. For å gjere desse verksemdene meir framtidsretta er det viktig å opparbeide kunnskap om kva rolle medverknad kan ha i dei endringane og endringsprosessane som bedrifter står overfor. Sett i eit slikt lys vil arbeidet med EditINC vere med å prøve ut metodar knytt til dialog og breimedverknad i eit sett med bedrifter”

Slutføringa av EditINC er kostnadsrekna til kr 720.000. Norges Forskningsråd har løyvd kr 360.000. Vestlandsforskning har løyvd kr 100.000 av egne midlar. Vestlandsforskning søker om kr 260.000 til fullfinansiering

5.3 Vurdering

INC – gruppa har vurdert forskingsaktiviteten som eit nyttig supplement til pågåande organisasjonsutviklingsaktivitet i INC (”Med INC Gruppen inn i fremtiden”). Forskinga vert vurdert som nyttig for INC, men like mykje ei forskning til allmenn nytte. INC har medverka til delfinansiering av forskingsaktiviteten. LO og NHO har gitt positiv støtte til prosjektet. Forsking om den ”nordiske samarbeidsmodellen” er viktig. Doktorgradsarbeidet medverkar også til å utvikle it-forskingsmiljøet ved Vestlandsforskning.

INC var i fjor med på delfinansieringa av forskingsarbeidet. Avslutningsfasen er knyt til allmenn formidling. Fylkesdirektøren vurderer det som forståeleg at INC ikkje vert søkt om delfinansiering av dette arbeidet, men noterer seg som positivt at INC skal medverke til formidlingsarbeidet.

5.4 Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at fylkeskommunen løyver kr 260.000 til Vestlandsforskning sitt doktorgradsarbeid innan VRI-satsinga ”Endringsleiing” til prosjektet EDIT – INC. Midlane vert henta frå budsjetterte forskingsmidlar i VRI.

Gjenstående midlar til forskingsprosjekt i VRI, kan løyvast av administrasjonen etter fullmakt eller bli overførte til bruk i 2010. Øvrige budsjetterte midlar vert å sjå på som avklara av fylkestinget i desember 2007.

6. KONKURRANSEMIDLAR – AGRO BUSINESS PARK

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

6.1 Bakgrunn

Dei siste statsbudsjetta har lagt opp til at det er ein del utviklingsmidlar det kan søkjast om. Om fylkeskommunen søkjer, og vert tildelt slike midlar vert det i mange tilfelle påreknat at fylkeskommunen går inn med ein eigendel. Dette var bakgrunnen for at fylkeskommunen i Budsjett 2008 / Økonomiplan 2008-2011 sette av 2 mill. kr. til såkalla konkurransemidlar som skal finansiere fylkeskommunen sin eigendel i slike prosjekt. 1 mill. kr. vart sett av til breibandssatsing, dei resterande 1 mill. kr. vert fordelt av hovudutval for plan og næring. Dei ulike avdelingane har fått høve til å melde inn prosjekt innan sitt ansvarsområde der det er trong for eigendelar.

Det vart overført kr. 95 750 i restmidlar av "konkurransemidlane" frå 2008 til 2009. I tillegg kjem nye midlar på 1 mill. kr. for 2009, det vil seie at det var til saman kr. 1 095 750 tilgjengeleg for 2009.

I oktober gjorde hovudutvalet løyvingar frå konkurransemidlane til følgjande tiltak:

- Rehabilitering og ombygging av perrongareal i Førde – eigendel BRA-midlar - kr. 500 000
- Med avstand som premiss – eigendel KID-midlar - kr. 125 000
- Design Vest-Buss - eigendel KID-midlar - kr. 100 000
- Kystarven - kr. 100 000

Det blei i oktobermøtet løyvd kr. 825 000 av konkurransemidlane for 2009. Det står før denne saka då att kr. 270 750 av tilgjengelege konkurransemidlane for 2009.

Søknaden om tilskot til "Verdiskaping skjer i møtet" blei ikkje komen i møte då det ikkje var tilskrekkeleg grunnlag for å gjere ei heilskapleg vurdering av søknaden. Nærøyfjorden Verdsarvpark kan kome tilbake med ein ny søknad om støtte til prosjektet, med ein oppdatert handlingsplan. Saka vil då bli handsama på nytt av hovudutval for plan og næring.

Det vart i sak i oktober varsla to venta søknader til novembermøtet i hovudutvalet; frå Samordning rundt utvikling av kulturminne i Vik og Agro Business Park. Vi har berre motteke søknad frå Agro Business Park i tide for å bli handsama i denne saka.

6.2 Nærare omtale – Agro Business Park

Visjonen til Agro Business Park (ABP) er å verte eit kraftsenter for landbruksrelatert næringsutvikling i regionen. Prosjektet blei i 2006 teke opp i KRD si småsamfunnsatsing, og hadde pilotstatus i 3 år. For å mellomlande prosjektet på ein god måte og få ein best mogleg og robust organisasjon også etter perioden som småsamfunnspilot søkte ABP KRD om ei "omstillingsløyving". Søknaden vart fremja gjennom fylkeskommunen, som prioriterte søknaden frå ABP på topp frå Sogn og Fjordane. Det vart i denne søknaden lagt opp til ei

regional medfinansiering frå fylkeskommunen på kr. 50 000, noko som må sjåast på som forpliktande då fylkeskommunen fremja søknaden.

I mai år fekk ABP kr. 250 000 frå KRD til å mellomlande prosjektet på ein god måte. Det vart stilt krav om lokal- og regional medfinansiering.

Agro Business Park ynskjer, og er i gang med å nærme seg målsetninga om å bli eit kraftsenter for landbruksbasert næringsutvikling. Dette har dei gjort ved å knytte ulike verksemdar til kvarandre for å få fagleg tyngde og ved å arbeide aktivt for nyskaping og utvikling i landbruket. ABP jobbar no for å gå vidare i ein fastare organisasjon når pilotstatusen i småsamfunnsatsingar er slutt.

Av resultat frå ABP kan nemnast: Etablering av ABP Bygdeservice, ABP Bioenergi ABP Fjordenergi AS, etablert Nordfjord Forsøksring og Avløysarlaget inn i lokalitetane til Sandane Næringshage og som ein del av kompetansemiljøet til Agro Business Park. I dag har ABP fire ulike delprosjekt som er aktive: Frukt og Bær, Inn på tunet, Opplevingsturisme og info- og motivasjonsprosjekt om bioenergi.

Agro Business Park vil ikkje setje i gang nye delprosjekt i 2009, men ha fokus på å vidareføre igangsette prosjekt som har gjeve gode resultat og som er godt forankra. Samstundes ynskjer ABP å ha fokus på organisasjonsstruktur og framtida til prosjektet. Det er dette Agro Business Park no søker om midlar til. Arbeidet med å vurdere framtidige modellar/organisering er i gang, og ABP ynskjer å gjere dette på ein best mogleg måte. For å gjennomføre denne mellomlandinga av prosjektet på ein god måte, og få ein best mogleg og robust organisasjon også etter perioden som småsamfunnspilot fekk prosjektet ei "omstillingsløyving" frå KRD og søker fylkeskommunen om ein regional eigendel.

Prosjektet må vurdere om det er teneleg at ABP vert eit eige selskap/eining. Det må også arbeidast vidare med å legge ei langsiktig økonomisk plattform for ABP. Noko anna som er vurdert for framtida er å bli ein landbruksinkubator.

Budsjett:

Reiser/studieturar	40 000
Møteverksemd/arr. Strategisamlingar	35 000
Frikjøp/kjøp av tenester	195 000
Adm. utgifter	15 000

Div. utgifter	15 000
Sum	300 000

Finansiering:

KRD	250 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	50 000
Sum	300 000

Dette er budsjett og finansiering for arbeidet med å mellomlande ABP på ein god måte. Dei ulike delprosjekta er tenkt finansiert utanom.

6.3 Vurdering

Behovet for nye driftsformer og nye tilleggsnæringer melder seg som direkte følgje av endringar i det tradisjonelle landbruket. Dette krev ny kompetanse som det kan vera vanskeleg å byggje

opp i distrikta og småsamfunna. Agro Business Park modellen kan vera ein god måte å organisera seg på i høve ei slik utfordring. Agro Business Park har sett i gong mange delprosjekt, og har målsetjingar om sjølvstendig finansiering og drift.

Fylkeskommunen bør vere innstilt på å ta sin del av finansieringa av omstillingsprosjektet med kr. 50 000. Når det gjeld finansiering av delprosjekt må det bli tatt stilling til det når vi eventuelt mottek søknadane for dei ulike delprosjekta.

Agro Business Park har skapt mykje og har ei målsetjing om å vere levedyktig også utover perioden som pilotprosjekt i småsamfunnssatsinga. ABP må no bruke tid på å sjå på korleis dei går vidare, og ha fokus på å legge eit økonomisk grunnlag for framtida – og stå meir og meir på egne bein.

Det er viktig å få "mellomlanda" prosjektet på ein god måte, og få varige resultat av den store innsatsen som er lagt ned dei siste åra. Det har var vore nytta store offentlege midlar over fleire år, og det er viktig at prosjektet no kan klare seg meir på eigenhand. Ein ekstra innsats og ressursar no vil kunne bidra til å sikre eit langsiktig resultat, også utover pilotperioden.

6.4 Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til å støtte Agro Business Park med kr. 50 000 til "omstillingsressursar" for å mellomlande prosjektet på ein god måte.

Det er viktig at den store innsatsen som er lagt ned dei siste åra vert forvalta på ein god måte, slik at ein sikrar godt resultat på sikt og eit prosjekt som står meir og meir på egne bein.

Med ei tilrådd løyving til Agro Business Park står det att kr. 220 750 i konkurransemidlar for 2009. Denne summen bør overførast til same føremålet i 2010. Det kan tenkast at det då vil kome søknader både frå Samordning rundt utvikling av kulturminne i Vik og Verdiskaping skjer i møte, i tillegg til at det heilt sikkert kjem nye søknader om fylkeskommunal eigendel i 2010.

7. KONKLUSJON/TILRÅDING FRÅ FYLKESDIREKTØREN

Prosjektet FlyBGO vert støtta med kr 500 000 for 2010. Ei evt støtte for 2011 vert å ta stilling til når det ligg føre ei analyse som omhandlar prosjektet ein effekt på aktiviteten i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen tek del finansieringa av første episode av "Perfect Day" med kr 300 000. Ei evt støtte til seinare episodar vert å kome tilbake til. Fylkesdirektøren kan gje utfyllande føringar i tilsegnsbrev.

NHO Sogn og Fjordane vert tildelt eit samla tilskot på kr 500 000 til prosjektet Global Future.

Vestlandsforskning vert tildelt kr 260 000 til forskingsprosjekt i VRI - Edit-INC.

Agro Business Park vert støtta med kr. 50 000 til "omstillingsressursar" for å mellomlande prosjektet på ein god måte.

Det står det att kr. 220 750 i konkurransemidlar for 2009. Denne summen vert overfør til same føremålet i 2010.

Fylkesdirektøren får fullmakt til å omdisponere/overføre eventuelle restmidlar for 2009 til 2010.